

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Dato	03.10.2022
Vår referanse	2022/83395-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

## Uttale - dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 116 bnr. 15 - Lauås - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til søknad datert 05.09.2022. Søknaden gjeld løyve til å legalisera av oppført driftsbygg for sagbruk.

Alver kommune opplyser om at eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Lindås 2019-2031 er definert som næringsområde BN1. For området BN1 er det set krav om utarbeidd VA-plan ved søknad om tiltak.


Vi ser at eigedomen hamnar innanfor reguleringsplan «Fv 57 – gang/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad» med planID 1263-201407 som blei vedteke 07.04.2022.

### Uttale

Det er opplyst i brevet til Alver kommune om at tiltaket er nabovarsla, og at det er søkt om dispensasjon frå veglova for oppføring av bygg nærare enn 50 meter frå fylkesveg. Vi har ikkje motteke nabovarsel for tiltaket eller søknad om dispensasjon frå byggegrense.

Fylkesveg 57 har haldningsklasse svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon) jf. Rammepplan 2021-2024. Den seier «der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 60 km/t eller lågare kan søknad om dispensasjon frå byggegrensa vurderast».

Fartsgrensa på staden er 60 km/t, like ved ei 80 km/t sone, og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 4000. Etter veglova er byggegrensa 50 meter frå vegmidte. Tiltaket vert søkt om å få legalisera er eit sagbruk er oppført omtrent 30 meter frå vegmidte.



Utsnitt frå situasjonsplan og utsnitt frå reguleringsplanen

**Avkøyrsepunkt**

Sidan det vert søkt om å legalisere ein bygning knytt til næring stiller vi spørsmål med om tiltaket og drifta her har avkøyrsele. Og kva dimensjonerande køyretøy som skal køyre til og frå denne næringa.

Ved rullering av kommuneplanen for Lindås, som er gjeldande her, uttalte Statens vegvesen (brev av 27.08.2019) følgjande;

«Om område BN1 Grønevika legg kommunen til grunn at reguleringsføre mål næring er i samsvar med gjeldande arealbruk for området. Etter vår vurdering må likevel nye tiltak på eiendommen, som gir endra trafikk til området, vurderast m.t.p. tilkomst og trafikktrygg avkøyrse.»

Avkøyrsla til fylkesvegen slik ho ligg i dag er utflytande og ikkje eigna for auke i trafikkmengd. Dersom det vert tiltak som medfører endra eller utvida bruk innanfor avkøyrsla, må avkøyrsepunktet vurderast på ny. Avkøyrsla er regulert med tydelegare utforming i den nye reguleringsplanen for fylkesveg 57.

**Byggegrense**

På grunn av ny reguleringsplan for fylkesvegen her er det viktig for oss at det vert sikra areal for å kunne gjennomføre endringar som planen medføra.

**Sluttord**

Sidan tiltaket hamnar innanfor reguleringsplanen «Fv 57 – gang/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad», meiner vi at det eventuelt må søkast dispensasjon frå reguleringsplan for det omsøkte tiltaket. Det er vanskeleg å sjå plassering av omsøkt tiltak i forhold til reguleringsplanen.

Vi ber om at Alver kommune tek stilling til dette tiltaket opp mot reguleringsplanen for fylkesveg 57 og orienterar oss om kva som vert prosess vidare i denne saka. Vi vil då ha søknad til uttale på ny for å vurdere tiltaket.

Med helsing

**Tone Bøyum**

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*